




Rosa vokssopp *Hygrocybe calyptriformis*

Raudlista art



Rosa vokssopp *Hygrocybe calyptriformis* er ein beitemarkssopp, dvs. at han er knytt til gamle, ugjødsla og oppløgde grasmarker som vert beita eller slått. Han har ein nokså spesiell utsjånad. I Noreg er han kjend frå fire lokalitetar på ytre deler av Vestlandet. Generelt vert leveområda truga av opphøyrte drift, attgroing og tilplanting med skog.

Status
Kategori kritisk truga (CR) på Norsk raudliste for arter 2010.



Kart over alle registreringar av rosa vokssopp *Hygrocybe calyptriformis* i Noreg.

Kjenneteikn

Rosa vokssopp *Hygrocybe calyptriformis* har ein hatt som er rosa – noko som er svært uvanleg for ein hattsopp. Som ung er han smalt kjegleforma, etter kvart meir utbreidd, noko bukla og ofte radiært oppsplitta. Hatten er 2-7 cm brei i utbreidd tilstand. Hattoverflata er svakt klebrig til tørr. Skivene er kvite, og meir eller mindre frie frå stilken. Stilken er tørr, sylindrisk, kvit, 4-12 cm lang og 0,5-1,5 cm tjukk. Soppen har ingen spesiell lukt eller smak. Arten er normalt ikkje til å ta feil av, særleg er kombinasjonen av farge og form på hatten heilt unik for ein sopp.

Utbreiing

Rosa vokssopp er svært sjeldan i Skandinavia. I Noreg er han funne på fire stader på ytre Vestlandet. Elles i Skandinavia er det kjend berre fire lokaliter i Danmark. Han er aldri påvist i Sverige eller Finland. Rosa vokssopp er oppgjeven frå omlag 640 lokaliteter i heile Europa i perioden 1980-2002. Hovuddelen av desse ligg i Storbritannia, som har over 500 lokaliteter. Her er han ein prioritert art med eigen handlingsplan. Han er og funnen omlag 70 stader i Frankrike. Desse to landa står i ei særstilling med dei største bestandane i Europa. I dei aller fleste andre europeiske landa der han førekjem, er han oppgjeven som sjeldan eller svært sjeldan, og i nokre land er han ikkje sett på fleire tiår. Totalt er han påvist i minst 22 europeiske land sør til Portugal og Spania og aust til Slovakia, Ungarn, Romania og Bulgaria. Han skal og vera funnen i Russland. Arten er elles kjend frå Asia og Nord-Amerika.

Biologi

Rosa vokssopp finst i kalkfattige til kalkrike naturbeitemarker og naturenger, dvs. grasmarker som har vore beita eller slått gjennom lang tid, men der det ikkje - eller berre i liten grad - har vore utført gjødsling eller jordarbeiding. Slike artar vert kalla beitemarkssoppar. Med gjødsling meiner ein her tilførsle av kunstgjødsel eller husdyrgjødsel ut over det beitedyra legg frå seg. Rosa vokssopp står helst mellom gras, urter og mose på stader med kort vegetasjon. Arten vert i mange land nytta som signalart på gammalt og artsrikt kulturlandskap som er viktig å ta vare på ved å halda oppe den tradisjonelle hevden, og han veks gjerne saman med andre sjeldne beitemarkssoppar. Det er sannsynleg at desse soppene er spesialistar på næringsfattig jordsmonn, der dei er mistenkt for å leva av tungt nedbrytbar humus. Dessutan er det visse indikasjonar på at nokre av dei har eit samliv (mykorrhiza, ein slags symbiose) med planter i grasmark, der dei i så fall utvekslar næringsstoff med plantene. Det er likevel ingen som så langt har gjeve oss svar på desse spørsmåla.



Lokaliteten Totland på Bømlo i 2009. Her vart rosa vokssopp funnen i 2003, men er ikkje sett sidan. Biletet illustrerer nokre av problema i artsrike kulturlandskap: opphøyr av beite og attgroing, i tillegg til innplanting av bartre (her sjølvsådd sitkagran).

Bestandsstatus

Den kjende norske bestanden er førebels avgrensa til følgjande lokaliteter: ei slåtteeeng på Litlekalvøya i Ellingsøyfjorden i Ålesund (tre fruktlekamar i 1999), ei naturbeitemark (Totland) på Moster i Bømlo i Hordaland (to fruktlekamar i 2003), ei naturbeitemark på Askrova i Flora i Sogn og Fjordane (seks fruktlekamar i 2007) og ei naturbeitemark på Sandøya i Kvitsøy i Rogaland (fire fruktlekamar i 2008). Lokaliteten i Ålesund vart slått på frivillig basis, og vil kanskje bli fanga opp av handlingsplanen for slåttemark. Lokaliteten på Bømlo er i kraftig attgroing med høgt gras og busker (arten er ikkje sett sidan 2003, sist undersøkt 2010), og han er her truleg på nippet til å forsvinna. Lokalitetane i Flora og Kvitsøy vart beita på undersøkingstidspunktet, men sauehaldet går mange stader attende. Gjennom dei siste 20 åra er vokssoppar undersøkt ei rekkje stader over heile landet, men rosa vokssopp utgjer ein forsvinnande liten del av alle desse funna trass i at han er lett å oppdaga. Han må derfor heilt klart vera reelt sjeldan, men har

og eit visst mørketal (uoppdaga lokalitetar). Rosa vokssopp står på raudlista i 11 europeiske land, og var ein av 33 soppartar som i 2003 vart foreslått inkludert i Bernkonvensjonen sine lister over artar som treng særlege tiltak (men ingen soppar vart inkluderte i den runden). Den svært sparsame bestanden som er kjend i Skandinavia kan skuldast at arten har hatt problem med å etablera seg her, eller at han føretrekkjer vintermilde (oseaniske) strok og er vår for vinterfrost. Utbreiinga elles tyder på at han burde tola godt det klimaet vi har i kyststroka av Sør-Noreg. Andre forklaringar kan vera at han sjeldan dannar fruktlekamar og lever gøymt som mycel i jorda, eller at han stiller spesielle krav til veksestadene som han ikkje får oppfylt i Noreg. På britiske lokalitetar er han gjerne framme med fruktlekamar omtrent kvart år, så da verkar det litt underleg at han skulle gøyma seg meir under jorda her i landet. Hovudhabitatet – gamle naturbeitemarker som framleis vert haldne i hevd - finst det framleis ein del att av her i landet, sjølv om naturtypen er i tilbakegang. Ein heller kanskje mest til den forklaringa at den sparsame bestanden i Skandinavia skuldast ein kombinasjon av spreingsproblem og strenge miljøkrav.

Referanser

Boertmann, D. 2010. The genus *Hygrocybe*. 2nd revised edition. Fungi of Northern Europe - vol. 1. 200 pp.

Dahlberg, A. & Croneborg, H. 2003. 33 threatened fungi in Europe. Complementary and revised information on candidates for listing in Appendix I of the Bern Convention. A document compiled for EU DG Environment and the Bern Convention. 82 pp.

Jordal, J.B. & Holtan, D. 2000. Vokssoppen *Hygrocybe calyptriformis* (Berk. & Broome) Fayod funnet i Norge. Blyttia 58: 88-92.

Lenker

Danmarks svampeatlas 2010. - <http://www.svampe.dk/atlas/soegrecord.php>.

Joint Nature Conservation Committee 2010. Biodiversity action plans, *Hygrocybe calyptriformis*. - <http://www.ukbap.org.uk/UKPlans.aspx?ID=382>.

National Biodiversity Network 2010. *Hygrocybe calyptriformis* [map Great Britain]. - <http://www.searchnbn.net/gridMap/gridMap.jsp?allIDs=1&srchSpKey=NHMSYS0001484410>.

Norsk soppdatabase 2010. - http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm.